



Arkivnr: 2014/13095-4

Saksbehandlar: Per Morten Ekerhovd

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		27.03.2014

#### Gamle Bjølvo, Ålvik, Kvam herad. Klage på oppheving av mellombels freding med heimel i kulturminneloven, jf § 22.4

#### Samandrag

Saka gjeld Gamle Bjølvo kraftanlegg i Ålvik. Anlegget har etter fylkesrådmannen sitt syn nasjonal kulturminneverdi og vart mellombels freda av Hordaland fylkeskommune ved vedtak den 24. juni 2009 med heimel i Lov om kulturminner 9. juni 1978 nr 50 (kml) § 22 nr. 4 jf kml §§ 15 og 19. Vedtaket var lovleg fatta og vart ikkje påklaga. Det har vore gjennomført prosess mellom Hordaland fylkeskommune, Statkraft region vest og Kvam herad om bevaring og utvikling av anlegget. Riksantikvaren har ikkje delteke i prosessen. I brev frå Riksantikvaren dagsett 11.02.14, motteke 28.02.14, vart vedtaket om mellombels freding av Gamle Bjølvo kraftanlegg i Ålvik, Kvam Herad oppheva.

Brevet frå Riksantikvaren vart lagt fram som meldingssak i Kultur- og ressursutvalet 18.03.14, jf. forslag til møtebok der «KURE la til grunn at Gamle Bjølvo er ein viktig del av Hordaland og Vestlandet si nyare historie og peikte på behovet for statleg verneplan for vasskraftsektoren der folkevalde styresmakter fekk ta stilling til det samla utvalet av kulturminne. KURE oppfordra administrasjonen om å sende klage på vedtaket slik at riving av anlegget ikkje vart sett i gong før statleg verneplan var handsama og vedteken».

Fylkesrådmannen har etter Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune, § 22, fullmakt til å gjera vedtak om mellombels freding. Fylkesrådmannen vel å legge saka fram til politisk handsaming. Grunna tidsfrist har fylkesrådmannen, 20.03.2014, sendt klage til Klima og miljødepartementet på heving av vedtak om mellombels freding av Gamle Bjølvo. I klagen er det teken atterhald om politisk handsaming i Fylkesutvalet i Hordaland.

#### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet klager på Riksantikvaren sitt vedtak om oppheving vedtak om mellombels freding, jf kulturminneloven § 22.4, fatta av Hordaland fylkeskommune, og bed om at Klima- og miljødepartementet gjer om vedtaket.
2. Fylkesutvalet meiner at fredingssaka for Bjølvo kraftanlegg vedkjem nasjonale kulturminneverdiar og ikkje bør handsamast før statleg verneplan er vedteken og forskriftsfredingar for sektoren er sendt ut på høyring i samsvar med forvaltningslova § 37 og er fastsett av Riksantikvaren.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

#### Fylkesrådmannen, 24.03.2014

Hordaland er eit av dei største kraftproduserande fylka i Noreg. Ivaretaking av eit utval av denne typen industri bør vere del av det nasjonale kulturminneansvaret som gjeld Hordaland. Utbygging av kraftanlegget i Bjølvefossen var ein føresetnad for industrietableringa i Ålvik. Etter fylkesrådmannen sitt syn er kraftanlegget mellom dei viktigaste anlegga frå industrialiseringa av Hordaland og Vestlandet og har nasjonal kulturminneverdi. Trallebanen på anlegget har stor opplevingsverdi.

Anlegget var truga av riving og Gamle Bjølvo kraftanlegg i Ålvik vart mellombels freda av Hordaland fylkeskommune ved vedtak den 24. juni 2009 med heimel i Lov om kulturminner 9. juni 1978 nr 50 (kml) § 22 nr. 4 jf kml §§ 15 og 19. Vedtaket var lovleg fatta og vart ikkje påklagd.

Det har vore gjennomført prosess mellom Hordaland fylkeskommune, Statkraft region Vest og Kvam herad om bevaring og utvikling av anlegget. Riksantikvaren har ikkje delteke i prosessen.

I brev frå Riksantikvaren dagsett 11.02.14, motteke 28.02.14, vart vedtaket om mellombels freding av Gamle Bjølvo kraftanlegg i Ålvik, Kvam Herad, oppheva. Opphevingsvedtaket vart fatta etter at Riksantikvaren og Statkraft hadde møte i Oslo. Møtet fann etter det fylkesrådmannen erfarer stad 11.02.2014. Hordaland fylkeskommune var ikkje kalla inn til møtet.

Det er sett i gong eit omfattande arbeid for å identifisere kraftsektoren sine nasjonale kulturminne. Dette arbeidet er ikkje konkludert, og Riksantikvaren si heving av vedtaket kan etter fylkesrådmannen sitt syn vere i strid med det nasjonale målet om ei representativ liste over freda kulturminne, jf Stortingsmelding nr 16 (2004-2005) Leve med kulturminner.

Eit nasjonalt utval av kulturminne frå denne sektoren vil plassere eit tydeleg ansvar for vern på eigaren, Statkraft. Som kulturminnestyresmakt har Hordaland fylkeskommune synspunkt på utvalet av slike anlegg. Fylkesrådmannen legg difor til grunn at riving av Gamle Bjølvo ikkje bør gjennomførast før ein har teke stilling til det endelige utvalet av kraftproduserande kulturminne. Ein legg til grunn at viktige anlegg på Vestlandet og i Hordaland bør sikrast og utviklast til ny bruk.

Ei tenleg løysing i denne saka kan vere delvis bevaring og delvis demontering. Ein prosess som definerer omfanget av dette er avhengig av at partane anerkjenner kulturminneverdiane og at ein legg for dagen vilje til å bevare og utvikle delar av kulturminnet Gamle Bjølvo.

Brevet frå Riksantikvaren vart lagt fram som meldingssak i Kultur- og ressursutvalet 18.03.14, jf. forslag til møtebok der «*KURE la til grunn at Gamle Bjølvo er ein viktig del av Hordaland og Vestlandet si nyare historie og peikte på behovet for statleg verneplan for vasskraftsektoren der folkevalde styresmakter fekk ta stilling til det samla utvalet av kulturminne. KURE oppfordra administrasjonen om å sende klage på vedtaket slik at riving av anlegget ikkje vart sett i gong før statleg verneplan var handsama og vedteken».*

Dokument til opplysing av saka er lagt ved framlegget.